

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	24.01.2024
Vår referanse	2023/85841-4
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Silje Øvrebø Foyen
E-post	Silje.Ovrebo.Foyen@vlfk.no
Telefon	96942834

Kulturminnefagleg fråsegn - Erosjonssikring - Sogndalselvi - Sogndal kommune

Vi viser til brev med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Saka gjeld søknad om løyve til å erosjonssikre ei strekning i Sogndalselvi ved Sogn handelspark. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med tiltaket. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m

Saka har vare til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Museet uttaler:

«Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Sogndalselvi i Sogndal kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket.

Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavar pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt fri gjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.»

Med helsing

Karoline Hareide Breivik

leiar

KFO - Arealplan

Silje Øvrebø Foyen

seniorrådgjevar

KFO - Arealplan

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift